

Soli ho kvervar støtt på sin sti
Skogens hjuring hev krabba i hi
Drøymer søtt på ei moseseng
Om summande biar i blomstereng

Soli ho kvervar beint i si bane
Honningdraum lokkar mitt gap og mi gane
Vindane ular og elva ligg still
Eg lyt nok kvile litt til

Der ute syng isen sin svevnlokkesong
Yver land, yver tjørn
Yver binna og yver bjørn
Yver åker og eng
Yver hi og dvalesseng

Soli ho kvervar støtt på sin sti
Dagen veks i eit krympande hi
Hjuringen blæs og møyane lokkar
Svarttrosten kvitrar som rismålsklokkar

Der ute syng verda si vakneverse
Yver land, yver tjørn
Yver binna og yver bjørn
Yver åker og eng
Ut or hi og dvalesseng
Yver binna og bjørn
Ut or hi og dvalesseng